

## Kartlegging av friluftsområde og høyring.

24.11.2016



Fjellandsbøvatnet er eit mykje brukt turområde heile året.

Kvinnherad kommune skipa i går til informasjonsmøte på Husnes der tema var: Kartlegging av friluftsområde i kommunen. Planen syner førebels resultatet frå eit registreringsarbeid der kjendmenn og skuleborn har vore med og sagt kva område som vert brukt til leik, aking, skeising, bading og turgåing på inn- og utmark og til fjells. Arbeidet er til no berre ei registrering og ikkje ein plan med juridiske verknader.



Halsatoppen med plass for gapahuk, bord og benker er eit fint leikeområde i sentrum.

Møte på Husnes var på alle måtar positivt. Det vart påpeika kva som er utelate og som bør vera med. Det gjeld mellom anna bålpllassen med gapahug på Fjellandsbø. Fjellandsbøvetnet er også ein arena for skeising, kanopadling og leik. Skulen sine leikeområde i sentrum er komen med i oversikten. Det gjeld Tressplass v/ Eikebrua, Halsatoppen, Skårhaug og Revhaug. Badeplassane er merka av. Det same gjeld større område for turgåing og rekreasjon, - som Skorpo, Eikedalen, Klubben på Børneset og Friluftsplassen. Turstiane i nærområde er teikna inn, også den gamle turvegen til Rød. Det same gjeld stort sett skogsvegane som vert nytta som tilkomst til fjellet.

Det er viktig å ta med at denne registreringa ikkje har nokon juridisk verknad. Det er ein oversikt som kan endrast til ei kvar tid. Kartlegginga kan på sikt vera eit grunnlag for planarbeid etter Plan og bygningslova. Det sett ein knapp høyringsfrist i denne omgang. Framleggget, slik det ligg føre, finn du på kommunen si heimeside. Uskedal utvikling vil i møte på våren fylgja opp denne saka.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal